

Forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Bømlo

- Hillestveit skule -



01.07.2014

Rådmannen

Vedteken i Utvalet for oppvekst, kultur og idrett 02.09.2014, sak 38/14

Vedteken i kommunestyret 22.09.2014, sak 69/14

Vedteken i SU/SMU 02.11.2015

Vedteken i SU og FAU 18.09.2023

Innhald:

1. Innleiing	3
1.1. <i>Heimel</i>	3
1.2. <i>Innhald og virkeområde</i>	3
1.3. <i>Skulane sitt eige ordensreglement</i>	3
2. Formål, rettar og pliktar for elevane	4
§ 1 <i>Formål</i>	4
§ 2 <i>Eleven sine plikter</i>	4
§ 3 <i>Eleven sine rettar</i>	4
§ 4 <i>Reglar</i>	4
§ 5 <i>Generelle retningslinje i høve til tiltak sanksjonar</i>	5
§ 6 <i>Tiltak og sanksjonar</i>	5
§ 7 <i>Særskilt presisering av forhold knytta til ordensreglementet</i>	6
Mobbing og valdeleg åtferd.....	6
Farlege objekt.....	6
Rusmiddel.....	6
Tobakksfri skule.....	6
Ransaking.....	6
Hærverk/skadeverk på skulen.....	6
Mobiltelefon og kamera.....	6
Internett.....	6
Fusk.....	7
Straffbare forhold.....	7
§8 <i>Lokale ordensreglar ved Hillestveit skule 1. – 7. trinn</i>	8
Ved brot på reglane – mobiltelefon.....	8
Om meldingar.....	8
§8 <i>Lokale ordensreglar ved Hillestveit skule 8. – 10. trinn</i>	9
Ved brot på reglane – mobiltelefon.....	9
Om meldingar.....	9
Sanksjonar/konsekvensar ved brot på skulen sine orden og åtferdsreglar:.....	9
Vurderingskriterier i orden for Hillestveit skule.....	9
Vurderingskriterier i åtferd for Hillestveit skule.....	10
§ 9 <i>Fastsetjing av karakter i orden og åtferd</i>	12
§ 10 <i>Sakshandsaming</i>	12
§ 11 <i>Iverksetjing</i>	12

1. Innleiing

1.1. *Heimel*

Med heimel i lov av 17.juli 1998 nr.61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, Opplæringslova §2-9, og politisk vedtak fatta i utval for oppvekst, kultur og idrett den 16.10.2012, er felles ordensreglement fastsett for skulane i Bømlo kommune.

1.2. *Innhald og virkeområde*

Ordens- og åtferdsreglementet omfattar alle grunnskular i kommunen.

Reglementet inneheld reglar for åtferd, reglar for kva for tiltak som skal nyttast ved brot på reglementet (sanksjonar), og reglar for framgangsmåten når slike saker skal handsamast (sakshandsamingsreglar).

Reglar og sanksjonar som er omtala i opplæringslova og forskrifter til opplæringslova, er som hovudregel ikkje gjenteke i ordensreglementet. Skulen plikter å informere føresette og elevar om desse reglane.

Skulane har ansvar for elevane i undervisning, arrangement, ekskursjonar m.m. Dette vil seie at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, i fellesrom, uteområde og på turar i skulen sin regi.

Ordensreglementet for den einskilde grunnskule skal også gjelde på skulevegen.

Skulefritidsordninga (SFO) i grunnskulen skal ha eige ordensreglement fastsett som ein del av avtalen mellom den einskilde skule og dei føresette til barnet.

1.3. *Skulane sitt eige ordensreglement*

I tillegg til eit felles ordensreglement for grunnskulen i Bømlo, skal den einskilde skule utarbeide sitt eige reglement for trivsel, orden og åtferd. Dette reglementet skal ta utgangspunkt i lokale forhold og særleg sikre at skulen har rutinar og prosedyrar for å ivareta elevane sitt psykososiale skulemiljø.

Den einskilde skule kan i tillegg ha reglar om t.d. ordensteneste, opphaldsreglar, sykling til skulen, eller andre spesielle forhold.

Alle rådsorgan ved skulen skal delta i utforminga av reglementet.

Ved eventuell motstrid vil opplæringslova og det felles ordensreglementet ha forrang framfor det lokale reglementet.

2. Formål, rettar og pliktar for elevane

§ 1 Formål

Grunnskulane i Bømlo skal vere prega av eit konstruktivt samarbeid mellom elevar, føresette og tilsette på skulen. Elevane skal lære å sjå seg sjølve som medansvarlege for eit godt fellesskap prega av trivsel og respekt.

Ordensreglementet er eit verkemiddel for å nå denne målsetjinga. Ordensreglementet tek utgangspunkt i at skulen er til for elevane, og at elevane ønskjer å bruke sine positive ressursar til å nå målsettinga om eit godt skulesamfunn for alle.

§ 2 Eleven sine plikter

Eleven har plikt til å:

- Ikkje mobba andre
- Arbeida for eit godt lærings- og skulemiljø
- Behandla andre på ein skikkeleg måte i høve til normalt god folkeskikk
- Visa respekt for andre og ikkje øydeleggja noko på skulen eller for andre
- Ikkje utsetja andre for krenkjande ord og handlingar
- Retta seg etter åtvaringar eller sanksjonar

§ 3 Eleven sine rettar

Elevane har rett til:

- Å ikkje bli mobba
- Eit godt lærings- og skulemiljø
- Å bli behandla på ein skikkeleg måte av alle ved skulen
- Å ikkje bli utsett for krenkande ord og handlingar

§ 4 Reglar

Elevane skal:

- Syna omsyn og respekt for andre
- Halda seg innfor normene for arbeidsro i timane
- Syna respekt for undervisninga
- Møta presis til timar og avtalar
- Gjera skulearbeidet til rett tid
- Ha med bøker og anna naudsynleg utstyr
- Halda god orden i alt som har med skulen og skulearbeid å gjera
- Halda området på skulen reint og ryddig

- Ta godt vare på alt som høyrer skulen til, ute som inne, og stella fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell
- Passa på personlege ting og i minst mogleg grad ta med seg verdisaker på skulen

Elevane skal ikkje:

- Mobba eller plaga
- Ha krenkande språkbruk eller språkbruk som kan verka brutaliserande
- Slåst eller utøva anna vold
- Øydeleggja for andre sin leik
- Vera krenkande i ord og handling knytt til kjønn, religion, legning eller nasjonalitet
- Ha med våpen eller gjenstandar som er eller kan opplevast som farlege
- Ha med rusmiddel av noko slag
- Nytta tobakk eller snus i skuletida
- Forlata skulen sitt område utan særskilt løyve

§ 5 Generelle retningslinje i høve til tiltak sanksjonar

- Alle tiltak og sanksjonar skal vera slik at eleven kan forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere som han gjer
- Fysisk refsing er ikkje tillate
- Fysisk arbeid, som å vaska og rydda opp etter seg eller reparera noko som er øydelagd, er tillate
- Etter § 2 i denne forskrifta pliktar elevane å retta seg etter iverksette tiltak eller sanksjonar
- Tiltak og sanksjonar skal alltid vurderast i høve til kor alvorleg brotet på ordensreglementet er

§ 6 Tiltak og sanksjonar

- Munnleg åtvaring
- Munnleg melding til føresette
- Skriftleg melding til føresette
- Pålegg om oppgåver for å retta opp skade/hærverk
- Møta på skulen før eller etter skuletid for samtale/å utføra pålagde oppgåver
- Overføring til anna klasse
- Overføring til anna skule
- Beslaglegging av objekt brukt på ein farleg eller provoserande måte
- Nedsett karakter i orden og/eller åtferd
- Bortvisning
 - a) Skjer etter reglane i § 2-10 i Opplæringslova
 - b) Skjer i samsvar med fastlagt prosedyre og nasjonale retningslinjer dokumentert i kvalitetssystemet

§ 7 Særskilt presisering av forhold knytta til ordensreglementet

Mobbing og valdeleg åtferd

Det er nulltoleranse for mobbing, vald eller trugsmål om vald, og her skal retningslinjene i mobbeplan og plan for det generelle arbeidet med det psykososiale miljøet etter kap 9a i Opplæringslova følgjast.

Farlege objekt

Når skulen vurderer ein gjenstand å vera våpen eller gjenstand som kan skada andre vil desse bli beslaglagt av skulen og leverte til føresette. Ulovlege gjenstandar kan overleverast til politiet.

Rusmiddel

Det er forbode å vera rusa på skulen. Vidare er det forbode å bruka, oppbevare omsetja eller ha med seg ei kvar form for rusmiddel. Skulen skal inndra rusmiddel som vert oppdaga. Alkohol skal overleverast dei føresette. Ulovlege rusmiddel skal overleverast til politiet.

Tobakksfri skule

Det er ikkje tillatt å bruka tobakk og/eller snus i skuletida, i skulen sine lokalar, på skuleområdet og turar/ekskursjonar i regi av skulen, jfr. Tobakksskadelovens §27 (*Tobakksforbud på skoler og i skoletiden*). Tobakksvarer skal overleverast dei føresette.

Ransaking

Er det mistanke om straffbare forhold knytta til rusmiddel eller farlege gjenstandar kan skuleleiinga be politiet om hjelp til ransaking. I slike tilfelle skal foreldre så langt det let seg gjera varslast på førehand.

Hærverk/skadeverk på skulen

Skade/hærverk gjort med forsett på skulebygg, utstyr og bøker kan medføre erstatningskrav overfor føresette. Dette gjeld også skade påført klede eller utstyr tilhøyrande medelevar eller tilsette. Reglane i §§ 1-1 og 1-2 i Skadeerstatningslova vil gjelda. Utover dette kan elevar som gjer skadeverk bli pålagde å rydda opp etter seg og/eller å utbetra skade.

Mobiltelefon og kamera

Det er ikkje tillate å filma eller ta bilete av medelevar eller tilsette utan at dette er godkjend på førehand. Skulane vedtek sjølve reglar og sanksjonar for bruk av mobiltelefon og kamera i skuletida.

Internett

Internett skal i utgangspunktet berre brukast i tilknytning til undervisning. Kvar skule vedtek eigne reglar for bruk av datautstyr utanom den organiserte undervisninga.

Fusk

Fusk eller forsøk på fusk er å rekna som brot på ordensreglementet og vil kunna få konsekvensar for eleven sin åtferdskarakter. Kva som er å rekna som fusk vil vera definert i høve til den enkelte prøve-situasjonen og vil gjelda tillatne hjelpemiddel og kommunikasjon med andre. Plagiering frå medelevar eller kjelder på internett vil uansett vera å rekna som fusk. Når fusk vert oppdaga skal arbeidet/prøven/testen annullerast. Dette vil svekka vurderingsgrunnlaget i faget.

Ved fusk til eksamen vil *Forskrift til opplæringslova. Annullering av eksamen § 3-37* fjerde og femte ledd gjelda.

Straffbare forhold

Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold kan skulen be politiet om hjelp. Alle straffbare forhold skal meldast til politiet uavhengig om det gjeld ein elev eller ein tilsett. Straffbare forhold kan tenkjast å vera tjuveri, vald, trugsmål, valdtekt, seksuell trakassering, utuktig omgang med mindreårige, lekamsskading, narkotikarelaterte brotsverk, rasistiske utsegner eller handlingar, hærverk/skadeverk, sjikane knytta til religion/legning/nasjonalitet/kjønn, oppbevaring eller bruk av våpen.

Skulen skal så langt det let seg gjera varsla føresette før politiet vert kopla inn. Blir eit forhold meldt til politiet skal føresette alltid ha skriftleg varsel om dette.

§8 Lokale ordensreglar ved Hillestveit skule 1. – 7. trinn

Vedteken i i SU og FAU den 18.09.2023

1. Elevane skal vera ute i friminutta. Dersom vèret er så dårleg at dei får vera inne, skal dei rette seg etter dei reglane som gjeld for dette.
2. Berre elevar som deltek aktivt i TL-leikane kan vera i gymsalen i storfriminuttet. Dette gjeld og ballbingane, når dei er i bruk til TL-leikar.
3. Det er ikkje lov å klatre på gjerde/mur på baksida av skulen eller ved førsteklassebygget.
4. All leik eller aktivitet som kan gjera skade på medelevar, er ikkje lov på skulen sitt område. Det er t.d. ikkje lov å sykla, bruka rullebrett eller sparkesykkel på skulen sitt område.
5. Det er heller ikkje lov å kasta stein, snøball eller liknande som kan skada medelevar.
6. Me heng ytterkleda i korridoren utanfor klasserommet.
7. Det er ikkje lov å ha med snop, tyggegummi eller brus på skulen.
8. Elevar i 1.-7.trinn, har ikkje lov å ha med mobiltelefon, kamera, datautstyr, klokke ein kan kommunisere med eller elektroniske spel på skulen. Elevar kan i særskilde høve ha med mobiltelefon i avtale med føresette/skulen.
9. Eigne klassereglar blir laga i tråd med skulen sin visjon; Trivsel-Respekt-Læring.

Ved brot på reglane – mobiltelefon

- Ved ulovleg bruk av mobiltelefon, blir telefonen inndratt og levert til rektor. Kan hentast når skuledagen er slutt.
- Ved andre gongs brot på regelen, må mobiltelefon hentast av foreldre/føresette.

Om meldingar

1. Frå og med skuleåret 2021/22 er Vigilo rekna som skriftleg melding. Etter eit fråvær skal eleven ha med skriftleg melding om kor lenge fråværet har vart og årsaka. Etter 3 dagar bør heimen gje beskjed til skulen om grunnen til at eleven er borte
2. Fråvær som ikkje skuldast sjukdom, må ein i førevegen ha søkt fri for. (Forskrift til opplæringslova §3-2)
3. Er ein elev hindra i å førebu seg eller i å utføre heimearbeid, skal han ha med seg skriftleg melding frå heimen om grunnen til dette.
4. NB! Vedvarande og/eller alvorlege brot på ordens- og åtferdsreglar skal varslast til heimen skriftleg.

§8 Lokale ordensreglar ved Hillestveit skule 8. – 10. trinn

Vedteken i i SU og FAU den 18.09.2023

Ved brot på reglane – mobiltelefon

Elevane ved Hillestveit skule har ikkje lov til å bruke mobiltelefon i skuletida, den skal vera innelåst i mobilskap.

- Ved ulovleg bruk av mobiltelefonen, blir telefonen inndratt og levert til rektor. Kan hentast når skuledagen er slutt.
- Ved andre gongs brot på regelen, må mobiltelefonen hentast av føresette.

Om meldingar

- Fråvær som ikkje skyldast sjukdom, må ein i førevegen ha søkt om fri for i Vigilo (forskrift til opplæringslova § 3-2)
- NB! Ikkje akseptabel i orden og åtferd skal det gjevast melding om i eige brev.

Ordensreglar	Åtferdsreglar
<ul style="list-style-type: none"> - Møta førebudd og presis til timane. - Visa gode arbeidsvaner og god arbeidsinnsats 	<ul style="list-style-type: none"> - Visa omsyn og respekt for andre på skulen og på skulevegen. - Visa respekt for undervisninga. - Visa vilje til å skapa trivsel og eit godt læringsmiljø. - Skulen skal vera rusfri

Sanksjonar/konsekvensar ved brot på skulen sine orden og åtferdsreglar:

- Manglande vilje til å betra orden og åtferd etter attendemelding i samband med undervegs vurdering, Elevsamtalet og Elev/foreldresamtalen, fører til nedsett orden og åtferd
- Brot på kriteria for orden og åtferd vert skrivne ned som dokumentasjon

Klassereglar blir laga i tråd med skulen sin visjon om Trivsel- Respekt- Læring

Vurderingskriterier i orden for Hillestveit skule

§3-5 Grunnlaget for vurdering i orden

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.

Mål	Godt (vanleg god orden)	Nokså godt (klare avvik frå vanleg orden)	Lite godt (i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden)
Møta førebudd og presis til timane	<ul style="list-style-type: none"> • Er på plass når timen startar • Er førebudd* • Sendt melding om fråvær (Vigilo) 	<ul style="list-style-type: none"> • Er ofte ikkje på plass når timen startar. • Kjem inn med ytterklede på – skjer fleire gonger kvar veke. • Er i liten grad førebudd. • Har av og til udokumentert fråvær 	<ul style="list-style-type: none"> • Er ikkje på plass når timen startar • Har oftast ytterklede på • Er svært sjeldan førebudd • Har ofte udokumentert fråvær

Mål	Godt (vanleg god orden)	Nokså godt (klare avvik frå vanleg orden)	Lite godt (i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden)
Visa gode arbeidsvanar og god arbeidsinnsats	<ul style="list-style-type: none"> • Finn fram bøker og utstyr når arbeidsøkta startar • Arbeider konsentrert og godt • Ryddar og avsluttar til rett tid • Held innleveringsfristar 	<ul style="list-style-type: none"> • Må ofte få beskjed om å ta fram bøker og utstyr når arbeidsøkta startar • Brukar lang tid på å koma i gong med arbeidet og får ofte lite gjort • Ryddar sjeldan og avsluttar før timen er slutt • Held berre av og til innleveringsfristane 	<ul style="list-style-type: none"> • Nektar å ta opp bøker og utstyr når arbeidsøkta startar • Gjer lite eller ingenting med skulearbeidet • Ryddar svært sjeldan og avsluttar oftast timen for tidleg • Leverer sjeldan oppgåver innan fristar.

*Førebudd tyder at lekser er gjort, at utstyr som skrivesaker, nautsynte fagbøker og utstyr til kroppsøving er med

Vurderingskriterier i åtferd for Hillestveit skule

§3-5. Grunnlaget for vurdering i åtferd

Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Mål	Godt (vanleg god orden)	Nokså godt (klare avvik frå vanleg orden)	Lite godt (i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden)
Visa omsyn og respekt for andre på skule og på skulevegen	<ul style="list-style-type: none"> • Viser vilje og evne til samarbeid og konfliktløysing • Er med på å skapa eit godt miljø som fremjar helse, trivsel og læring for alle (§9A) • Gir melding til ein vaksen dersom ein ser at nokon blir mobba/plaga eller blir utestengt • Viser respekt for skulen sine mobil- og datavettreglar 	<ul style="list-style-type: none"> • Kjem fort eller ofte i krangel og konflikt med andre og viser sjeldan vilje til samarbeid og konfliktløysing • Har uttalt krenkjande og diskriminerande ord og andre • Har vist rasistiske/diskriminerande haldningar i forhold til kjønn, religion eller rase • Viser lite respekt for skulen sine mobil og datavettreglar- har brote nokre av reglane • Har hatt med farlege gjenstandar på skulen • Har gjentekne gongar kasta snøball eller andre gjenstandar som kan skada andre 	<ul style="list-style-type: none"> • Er ofte i krangel og konflikt med andre og viser liten vilje til samarbeid og konfliktløysing • Har kome med svært krenkjande og diskriminerande uttalar om andre • Har vist svært rasistiske/diskriminerande haldingar i forhold til kjønn, religion eller rase • Har teke krenkande bilete/film av andre. • Har publisert krenkjande informasjon/bilde om andre • Har truga med å bruke farlege gjenstandar mot andre • Har utført fysisk vold mot andre
Visa respekt for undervisninga	<ul style="list-style-type: none"> • Viser respekt for undervisninga og held arbeidsro i timane • Viser respekt for skulen sine mobil- og datavettreglar 	<ul style="list-style-type: none"> • Viser i liten grad respekt for at andre treng arbeidsro, snakkar både når lærar underviser og når elevar arbeider • Mobiltelefonen blir av og til brukt i timane utan løyve • Har fuska på prøve(ar) og/eller innleveringar • Har med brus og snop på skulen 	<ul style="list-style-type: none"> • Viser svært sjeldan respekt for at andre treng arbeidsro og forstyrrar med snakk og uro i timane • Brukar ofte mobiltelefonen i timane utan løyve • Har fuska fleire gonger på prøvar og/eller innleveringar

Mål	Godt (vanleg god orden)	Nokså godt (klare avvik frå vanleg orden)	Lite godt (i ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden)
Skulen skal vera rusfri	<ul style="list-style-type: none">• Respektere at det er nulltoleranse mot bruk av rus	<ul style="list-style-type: none">• Har røykt/snust og brukt e-sigarettar på skulen eller på tilstellingar som blir definert som skuletid• Har ein gong brukt alkohol på skulen eller på tilstellingar som blir definert som skuletid	<ul style="list-style-type: none">• Røykjer/snusar og bruker e-sigarettar til vanleg på skulen sitt område• Har fleire gonger brukt alkohol på skule eller på tilstellingar som blir definert som skuletid• Har ein gong brukt/oppbevart/selt narkotika på skulen eller på tilstellingar som blir definert som skuletid

§ 9 Fastsetjing av karakter i orden og åtferd

- Når ein fastset karakter i orden og åtferd skal ein ta omsyn til i kva grad eleven har opptredd i samsvar med ordensreglementet for grunnskulane i Bømlo og det særskilte tilleggsreglementet som gjeld for NN skule.
- Grunnlaget for vurdering i orden skal vurderast i høve til om eleven er førebudd, har gode arbeidsvanar, har arbeidsinnsats som er tilfredsstillande, er presis, følgjer opp arbeidet som skal gjerast og har med nødvendige læremidlar og utstyr.
- Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven er mot andre elevar og tilsette i skulen. Alle tilsette skal her reknast med – ikkje berre undervisningspersonalet.
- Vurderingane i orden og åtferd skal kategorisk skiljast frå kompetansen i fag.
- I vurderinga av orden og åtferd skal det takast omsyn til elevane sine føresetnader. Det skal ikkje leggjast vekt på enkelthendingar dersom desse ikkje er særskild klanderverdige eller grove.

§ 10 Sakshandsaming

Reglane for sakshandsaming for brot på ordensreglementet skal særskilt følgja reglane etter §§ 2-9 4. ledd og 2-10 andre ledd og reglane i forvaltningslova generelt. I Forvaltningslova er kap III-VI som omhandlar enkeltvedtak av særskilt betyding.

§ 11 Iverksetjing

Forskrifta om ordensreglement gjeld frå 01.12.12. Reglementet skal gjerast kjent for elevane, dei føresette og dei tilsette kvart år ved starten av skuleåret. Dette er skulane sitt ansvar.

Ordensreglementet skal til ei kvar tid endrast i samsvar med endringar i gjeldande lover og forskrifter.

Ordensreglementet skal til ei kvar tid finnast på kommunen sine heimesider (den generelle delen) og på den einskilde skulen sine heimesider (full versjon med lokale tilpassingar).